



Knarvik Senterutvikling AS  
c/o Olav Kåre Vatnøy Kvassnesvegen 48  
5914 ISDALSTØ

Referanser:

Dykkar:

Vår: 18/17 - 18/21806

Saksbehandlar:

Linda Folkestad

Linda.Folkestad@lindas.kommune.no

Dato:

03.07.2018

## Etterlyser registreringsmelding fettutskiljar - gbnr 188/764 Meny Knarvik - Gjervik Ytre

Teknisk drift har i lenger tid etterlyst registreringsmelding og ferdigmelding for nytt anlegg som er installert ved Meny Knarvik, Kverhusmyrane 7A.

Som abonnent på vatn og avløpstenester i Lindås kommune, har Knarvik Senterutvikling AS hovudansvar for at utstyr som er knytt på kommunalt leidningsnett har nødvendig godkjenning.

Tidlegare anlegg er godkjent for Safari. Ved bytte frå Safari til Meny skulle Teknisk drift hatt melding om dette slik at anlegg kunne vurderas på nytt. Teknisk drift mottok ikkje slik melding og dette har resultert i at Meny Knarvik, i lenger tid, har hatt eit anlegg med for liten kapasitet.

Når kommunen pålegger ei bedrift om å installere større anlegg, **skal** det alltid sendast inn registreringsmelding for det nye anlegget. Anlegg skal ha godkjent løyve frå teknisk drift før det vert knytt på kommunalt nett. Krav om godkjenning av anlegg skal sikre at anlegg har rett størrelse og får rett drift. Teknisk drift har ikkje motteke registreringsmelding og det ligg ikkje føre godkjent løyve til å knytte anlegg på kommunalt nett. Før utskiljaranlegg kan takast i bruk skal det ligge føre godkjent ferdigmelding.

Det er Teknisk drift som fastsetter tømmeffrekvens, loggefrekvens og tale på vassprøver av utsleppsvatn for anlegg som er knytt på kommunalt nett. Krav til tømning, temperaturlogging, samt analyse av vassprøver vert sett i frå motteke opplysningar i registreringsmelding og berekningsgrunnlag. Det er viktig at anlegg har fått godkjenning før det vert installert slik at ein kan tilrettelegge for prøvetaking. Kommunen sine krav til tømning, logging av temperatur og analyse av vassprøver **skal** sikre at bedriften **har** dokumentasjon på at anlegg stettar krav til utslepp.

Teknisk drift har fleire gonger vore i kontakt med Meny utan at vi har motteke etterlyst dokumentasjon. Vi ber no Knarvik Senterutvikling AS, som abonnent på kommunale vatn og avløpstenester, om å få sendt inn etterlyst dokumentasjon omgåande.

### Førehandsvarsel om tilsyn:

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kverhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Teknisk drift gjev med dette brev eit førehandsvarsel om tilsyn av anlegg. Tidsrom for tilsyn vil vi komme tilbake til i eget brev. Førehandsvarsele er gitt i samvar med forvaltningsloven § 16.

Med helsing

Arne Helgesen  
Avdelingsleiar vatn og avløp

Linda Folkestad  
saksbehandlar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Meny Knarvik

Kvernhusmyrane 5914  
7A

ISDALSTØ

**Mottakarar:**

Knarvik Senterutvikling AS

c/o Olav Kåre 5914  
Vatnøy  
Kvassnesvegen 48

ISDALSTØ